



**NIBIO**

NORSK INSTITUTT FOR  
BIOØKONOMI

PRESSEMELDING FRÅ NIBIO, 06.12.2021: Jordbruket på Vestlandet i 2020

## Liten auke i jordbruksinntekta for vestlandsbonden i 2020

**Vestlandsbonden fekk ei jordbruksinntekt på 292 700 kroner per årsverk i 2020, ein auke på kr 16 400 frå 2019. Det er stor variasjon mellom ulike produksjonar. På landsbasis auka jordbruksinntekta med kr 27 600, til kr 327 700 per årsverk frå 2019.**

Mjølkebruka auka inntekta med 4,4 prosent samanlikna med året før. Gardsbruka med sau fekk ein nedgang i inntekta på 15,9 prosent. Frukt- og bærprodusentane hadde ein nedgang på 11,3 prosent, men dei har framleis den høgaste jordbruksinntekta på Vestlandet. Jordbruksinntekta for vestlandsbonden er framleis svakare enn i toppåret 2016.

Det viser tal frå dei årlege driftsgranskingane til NIBIO som vart lagde fram i dag.

### Auke for mjølkebonden

Mjølkeprodusentane fekk ein auke i inntekta si med 4,4 prosent frå 2019 til 2020, og fekk ei gjennomsnittsinntekt på kr 297 700 per årsverk. Årsaka til auken var høgare kjøtpris, auka volum og tilskot. Dessutan var det lågare faste kostnader og rentekostnader. Lågare mjølkepris og auka arbeidsinnsats trekte resultatet ned.

Bruka som driv mjølkeproduksjon i kombinasjon med sau, fekk ein auke på 10,3 prosent, medan kombinasjonen mjølk og svin fekk ein kraftig auke på 48,1 prosent frå eit lågt utgangspunkt.

### Storfekjøtt opp og sau ned

Bruka med kjøttproduksjon på storfe nesten dobla inntekta frå eit svært lågt utgangspunkt i 2019. I gjennomsnitt fekk desse produsentane ei inntekt på kr 143 800 per årsverk i 2020, ein auke på kr 67 400 per årsverk.

Sauebruka på Vestlandet fekk ein stor nedgang i inntekta frå 2019 til 2020. I gjennomsnitt var inntekta på kr 116 700 per årsverk, ein nedgang på kr 22 000. Kostnadsauke er hovudårsaka til nedgangen i resultatet i sauehaldet. Bruka med sauehald fekk i 2020 lågast jordbruksinntekt av dei presenterte driftsformene på Vestlandet.

### Frukt- og bærproduksjon gjorde det best

Inntektene til frukt- og bærprodusentane varierer vanlegvis mykje mellom år. For desse produsentane var både 2018 og 2019 gode avlingsår. I 2020 var det lågare avlingar, særleg galdt dette plommer. Høgare prisar og lågare kostnader klarte ikkje å kompensere for avlingsnedgangen. Det vart ein nedgang i inntekta på 11,3 prosent eller 42 400 kr. Med kr 332 000 per årsverk var frukt- og bærproduksjon likevel den driftsforma som oppnådde høgast jordbruksinntekt på Vestlandet i 2020.

### Høge investeringar men uendra gjeld

Nettoinvesteringane på vestlandsbruka heldt seg høge også i 2020. I gjennomsnitt investerte vestlandsbøndene kr 194 800, medan nettoinvesteringane for landet låg på kr 161 400. Vestlandsbonden investerte i stor grad i driftsbygningar og mjølkevote, men også ein del i jord, maskiner og reiskap. Samla gjeld var om lag uendra i 2020 for vestlandsbonden, og var på 3,3 mill. kr i middel per bruk. Rentekostnadene gjekk ned med 9,6 prosent.



**NIBIO**

NORSK INSTITUTT FOR  
BIOØKONOMI

PRESSEMELDING FRÅ NIBIO, 06.12.2021: Jordbruket på Vestlandet i 2020

**Driftsgranskingane i jord- og skogbruk** er ei årleg rekneskapsundersøking blant tilfeldig utvalde gardsbruk frå heile landet. I 2020 var det med 924 bruk, der 187 var frå Vestlandet; 59 i Hordaland, 67 i Sogn og Fjordane og 61 i Møre og Romsdal. Jordbruksinntekt er målt som løn til alt arbeid og rente på eigenkapital per årsverk.

### Kontaktpersonar ved NIBIO

#### Torbjørn Haukås

Seniorrådgjevar, divisjon Kart og statistikk

Telefon: 476 58552/992 61920

E-post: [torbjorn.haukas@nibio.no](mailto:torbjorn.haukas@nibio.no)

#### Marius Berger

Rådgjevar, divisjon Kart og statistikk

Telefon: 941 49 336

E-post: [marius.berger@nibio.no](mailto:marius.berger@nibio.no)